



Kyrre Fjellanger  
Fjellangersvingane 210  
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2941 - 19/141

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

03.01.2019

## Dispensasjon og løyve til oppføring av garasje - gbnr 103/40 Fjellanger

### Administrativt vedtak. Saknr: 004/19

**Tiltakshavar:** Kyrre Fjellanger

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon og løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 19-2, 20-1 og 20-4.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med bruksareal (BYA) opplyst til å vere ca. 49m<sup>2</sup> (BYA).  
Utnyttingsgrad etter aktuelt tiltak vil vere ca 14 % BYA.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.

Det vert elles vist til søknad motteken 26.09.2018 og supplert 10.12.2018.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 09.10.2018. Dokumentasjon vart motteken frå tiltakshavar 10.12.2018.

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden. Fristen er 31.12.2018.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen er LNF føremål.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF føremålet.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving: «Vi har tidligere fått tillatelse til å bygge garasje et annet sted på tomta, men den ble ikkje bygget. Vi vil gjerne ha garasjen nærmere huset for at det skal være mer praktisk».

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Plassering

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 15.05.2018.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 2 meter. For frittstående garasje opp til 50 m<sup>2</sup> kan kommunen godkjenne 1 meter avstand til nabogrense.

### **Tilkomst, avkøyrsløse og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulemper, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsyna bak LNF- føremålet er i hovudsak å verna om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdiponering av landbruksområde og anna grøn struktur.

Eigedommen er bygd eigedom med einebustad. Garasjen er mindre enn 50 m<sup>2</sup> BYA. Omsynet bak LNF – føremålet er vurdert å ikkje gjere seg gjeldande i denne saka.

Tiltaket er i samvar med retningslinjer til kommuneplanen sin arealdel pkt. 5.6, som opnar for dispensasjon for mindre tiltak på bygd eigedom i LNF.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at omsynet bak LNF- føremålet ikkje vert vesentleg sett til side ved omsøkte tiltak. I vurderinga har ein lagt særleg vekt på at omsøkte tiltak gjeld eit mindre bygg på eigedom bygd med bustadhus.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå kommuneplanen.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Visuelle kvaliteter**

Ihht. tilleggsdokumentasjon er takvinkel og takform tilpassa hovudhuset. Etter dette har tiltaket etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden for oppføring av garasje.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak utan ansvar for oppføring av garasje på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 15.05.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

**Før det vert gjeve ferdigattes for tiltaket skal følgjande ligge føre:**

- 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og innmålingsdata sendt kommunen.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/2941**

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Fylkesmannen i Vestland

**Mottakar:**

Kyrre Fjellanger

Fjellangersvingane 5955  
210

LINDÅS